

Fra: Magnus Torvanger [mhtorvan@online.no]

Til: Postmottak Sffarkiv [fylkesarkivet@sfj.no]

Kopi:

Sendt: 08.01.2019 12:13:02

Emne: Båtruter på vatn i Sogn og Fjordane.

Vedlegg:

I samband med eit foredrag og ei bok er eg på leiting etter ruteoppsetta for båtrutene på vatn i Sogn og Fjordane for om lag hundre år sidan. Den gongen var det rutegåande båtar både på Jølstravatnet, Breimsvatnet, Hornindalsvatnet, Oppstrynsvatnet, Oldevatnet og Lovatnet. Rutene var med i rutehefta til Nordre Bergenhus Amts Dampskibe/Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane, og stod mot slutten i rutehefta.

I føremiddag var eg innom Fjord1 for å sjå etter dei gamle rutehefta som dei hadde i arkivet sitt for få år attende, og som eg har brukt i samband med fleire bøker m.m. No var ikkje hefta å finne lengre, og tilsette i selskapet trudde at dei måtte vere sende inn til Fylkesarkivet. Det er i så fall snakk om rutehefte frå 1890-åra og fram til 1947, men ikkje komplett for desse åra. Nyare rutehefte har Fjord1 i arkiva sine.

Dersom Fylkesarkivet har motteke desse rutehefta, eller om de frå før har eldre rutehefte i samlingane, er eg svært interessert i nokre skanningar som viser dei ulike innsjørutene. Det hadde vore veldig flott å få alle desse rutene frå eit år rundt 1900, frå eit av åra 1910 til 1914, og frå eit år på 1920-talet. Rutene må vere frå sommarrutehefta til Fylkesbaatane, sidan båtane på vatna ikkje gjekk vinterstid pga. isen. Båtrutene særleg på Lovatnet og Oldevatnet hadde dessutan stor turisttrafikk om somrane.

Eg høyrer gjerne frå dykk om dette let seg gjere.

Venleg helsing
Magnus Helge Torvanger
Svanheimvegen 3
6905 Florø

Tlf. 91 88 04 31



Denne e-posten har blitt sjekket for virus av antivirusprogramvare fra Avast
www.avast.com